


Auke i arbeidsløysa

Ved utgangen av september var det registrert 3.035 heilt ledige ved NAV i Telemark. Dette er ein auke på 13 prosent samanlikna med september i fjor. På landsbasis auka ledigheita med sju prosent i same periode. Arbeidsløysa er 3,5 prosent i Telemark mot 2,7 prosent på landsbasis. Bare to fylke har høgare ledigheit enn Telemark. I Telemark var ledigheita høgast i Skien, Porsgrunn og Notodden, som alle ligg på over fire prosent i ledigheit. I andre enden av skalaen finn ein kommunane i Vest- Telemark, samt Tinn, Hjartdal og Siljan, med ein ledigheit på under to prosent. Bø har ein ledigheit på 2,4 prosent.

nestruktur



Stønad. Søylen viser kor mange millionar kroner dei forskjellige kommunealternativa vil få i stønad totalt.

Grenland

Han meiner Porsgrunn og Skien ikkje vil bli noko av og peikar på at ordføraren i Porsgrunn for eksempel ser mot Vestfold.

– Eg trur ikkje Skien og Porsgrunn slår seg saman. Eit stor-Grenland er heller ikkje tiltalande, seier Moen.

Vil bli stor og bastant

– Dersom me slår oss saman med Skien vil me vere i ein kommune som er stor og bastant i rikssamheng. Midt-Telemark er for pinglete, det blir ein Robek-kommune med 15.000 innbyggjarar, seier Moen.

Han trur at ein kommune som

er del av Skien vil ha lettare for å bli høyrd i departementa. Så må Nome-delen velje politikarar som er flinke til å få fram sine saker.

Primært Nome

Moen seier at primært ønskjer han seg Nome som ein kommune, men ser skrifta på veggen og trur ikkje det er mogleg. Seljord ser Moen heller ikkje som nokon kandidat for Nome å slå seg saman med.

– Notodden er heilt uaktuelt. Me har ingen tilhøyrigheit til Notodden, det er Skien som er byen, seier Moen.

Moen seier at dette ikkje har

vore diskutert i partiet enno så han snakkar for seg sjølv. Men hans inntrykk er at folk i Ulefoss ser mot Skien. I Lunde er det kanskje annleis. Moen peikar på at det ikkje er umogleg å dele ein kommune, det har skjedd før.

Kommunestyret har vedteke at ein skal utgreie konsekvensane av ei samanslåing i retning Grenland og ikkje berre andre vegen. Utgreiinga skal vere ferdig 1. april. Politikarane vedtok også at det skal gjennomførast ei spørjeundersøking blant innbyggjarane i Nome.

**NYTT HEFTE
I BUTIKKEN NÅ!**

HØSTMAT

SLIK DU ALDRI HAR SMAKT DEN



54⁹⁰

LAKSELOIN

300 g Frøyas Silver Label, pr. kg 183,00



49⁹⁰

FÅRIKÅLKJØTT AV LAM

First Price, pr. kg



57⁹⁰

LAMMELÅR

Frossent m/ben, Gilde/First Price, pr. kg



14⁹⁶

KRYDDERURTER

Assortert, pr. stk

Forbehold om trykkfeil/utsolgt situasjoner.

KIWI mini pris

Kjøp kjapt, trygt og billig